

	2019	2019	
Tekst	Utgifter	Inntekter	Netto
Konserter og andre arrangementer	-220 000,00	220 000,00	-
Kontingent	-7 000,00	32 000,00	25 000,00
Korturer	-20 000,00	20 000,00	-
Noter	-1 500,00	0,00	-1 500,00
Gaver/tilskudd	-2 000,00	20 000,00	18 000,00
Diverse	-7 500,00	-	-7 500,00
Renter		200,00	200,00
Gebyr	-100,00		-100,00
Totalt utgifter/inntekter	-258 100,00	292 200,00	34 100,00
Overskudd		-34 100,00	
Sum	-258 100,00	258 100,00	

Sender vedlegg til saksnad
om kulturmidler lindås kommune.

Helsing

Irene H. Flugaas

- leiar -

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
22 MAR 2019	
Ark. saksh. 19/32	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Kopi

Ref. nr. 2 SHZWC


ALVERSUND KAMMERKOR REGNSKAP 2018

Teilst	2018		Netto
	Utgifter	Inntekter	
Konsertar og andre arrangementer	-202 599,90	190 106,75	-12 493,15
Mangersneskonsert	-75 479,50	75 615,38	135,88
Kontingent	-6 300,00	20 000,00	13 700,00
Korturar	-1 500,00	0,00	-1 500,00
Noter	-4 947,00		-4 947,00
Gaver/tilskudd	-2 176,90	48 650,00	46 473,10
Gebyr	0,00	0,00	0,00
Diverse	-10 399,30	1,00	-10 398,30
Renter		116,25	116,25
Totalt utgifter/inntekter	-303 402,60	334 489,38	31 086,78
Overskudd	-31 086,78		
Sum	-334 489,38	334 489,38	0,00

	Debet	Kredit
5291.05.07060		
Saldo pr. 01.01.2018	-174 733,77	
Inntekter	-334 489,38	
Utgifter		303 402,60
Saldo pr 31.12.2018	-205 820,55	

	2017		2016	
	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
	-264 778,83	239 408,00	-189 852,39	135 800,00
	0,00	0,00	0,00	0,00
	-6 300,00	26 800,00	-6 300,00	27 200,00
	-263 356,95	232 461,00	-39 313,00	28 741,97
	-1 265,31			
	-2 531,00	32 386,00	-37 200,00	40 400,00
	-65,00			
	-7 433,60	0,00	-7 415,29	255,00
		229,71		1 365,27
	-545 730,69	531 284,71	-280 080,68	233 762,24
Underskudd		14 445,98	Underskudd	46 318,44
	-545 730,69	545 730,69	-280 080,68	280 080,68

Kasserer



Revidert



Årsmelding 2018 for Alversund kammerkor

Styret 2018

Leiar:	Ragnhild Øverland Arnesen
Nestleiar:	Björg Antoniazzi
Kasserar:	(Helge Øgaard)
Styremedlemer:	Synnøve Bjørndal og Grethe Hagenes
Varamedlemer:	Helga Stokke og Berit Øgaard

Dirigent Odd Leif Mjøs og begge varamedlemene har møtt på styremøta. Helge Øgaard er ute av styret, men har og i 2018 teke på seg den praktiske delen av kasserarfunksjonen. Dette har fungert svært bra.

Styremøte

Sidan siste årsmøtet har styret hatt 8 ordinære styremøte, samt konstituerande møte.

Medlemstal

Koret har gjennom året hatt 33 medlemer, delt på 11 sopranar, 11 altar, 6 tenorar og 5 bassar . I tillegg kjem 5-6 «gamle» medlemer, og 3 nye, som har vore med på nokre av konsertane.

I samband med dei store konsertane har koret og hatt med nokre få gjestesongarar, primært på bass, tenor og sopran. Talet varierer frå konsert til konsert.

Repetitørar: Vi har også i 2018 hatt god hjelp av dyktige korsongarar som og har teke oppdraget som repetitørar: Arvid Sakseide, Jacqueline Chesney og Inger Leithaug. Inger gjorde og ein formidabel innsats ved konsertorgelet under framføringa av Bachs Juleoratorium i desember.

Aktivitetar:

Konsertar

2018 har igjen vore eit særst aktivt år for koret, med fleire store prosjekt.

15. april: Fyrste store prosjekt var *Faurés Requiem* i Knarvik kyrkje. Verket vart framført med William Kay på orgel, og med to solistar, Thomas W. Røshol, baryton, og Eirin Beate Åserud-Løvlid, sopran . Ho steppa inn for Kjersti Wiik, som melde forfall.

Faurés Requiem er relativt kort, og programmet fekk i tillegg eit flott innhald med fransk-libanesisk orgelmusikk med William Kay ved orgelet, samt fløyteduettar og solo ved mor og dotter, Anne Reidun H. Duesund og Amalie H. Duesund.

5. juni: «*No skin det sol...*», Sommarsong i Knarvik kyrkje med sjølvaste Henning Sommerro. Konserten kom til ved eit kjapt initiativ under eit styremøte, og vart ein suksess, både for publikum og for koret. Sommerro tok grep om heile arrangementet etter ei kort øving med koret, og han imponerte, både som kulturpersonlegdom og som underhaldar.

16. september: **Festkonsert** i høve tidlegare domkantor **Magnar Mangernes** sin 80-årsdag. Konserten var eit samarbeidsprosjekt med utgangspunkt i dei tre kommunane, Radøy, Meland og Lindås, som Mangernes har hatt tilknytning til. Ei prosjektgruppe med Odd Leif Mjøs, initiativtakar, Arvid Sakseide og Gunnar Hageberg frå kammerkoret, Kari Anne Iversen frå Meland kommune (tidl. songar i Oratoriekoret) og Ragnhild Ø. Arnesen, leiar i Alversund kammerkor, stod for planlegginga, medan gjennomføringa av konserten blei ei stor oppgåve både for gruppa og for kammerkoret, som fortener stor heider for innsatsen med så mange aktørar i tillegg til oss sjølv.

Konserten samla om lag 50 songarar frå tidlegare Bergen Domkantori, fleire solistar, musistar frå Bergen filharmoniske orkester, noverande domorganist Sigurd Øgaard, samt Alversund kammerkor. Dirigent var Håkon Matti Skrede, dirigent for Bergen filharmoniske kor, og konferansier var Bernt Bauge, direktør i Bergen filharmoniske orkester og tidlegare domkantunist.

Komponist Kjell Mørk Karlsen skreiv til konserten verket «Til kormeistaren – Ein salme», som fekk si urframføring i Knarvik kyrkje. J.S. Bachs «Magnificat» var eit anna storverk på konserten, som elles baud på m.a. Grieg og Nystedt.

Medlemer frå det tidlegare Oratoriekoret vart inviterte som syngjande publikum, og svært mange kom. Vel 300 var innom dørene i kyrkja denne kvelden, i tillegg til eit kor på 80, vel 25 musistar, solistar og andre deltakarar.

9. desember: **J.S.Bach: Juleoratoriet**, som no er tradisjon kvart anna år. Nytt av året var gjestedirigenten, Bjørn Sagstad, som greip tak i koret på sin måte og gav mykje energi! Solistar var Linda Øvrebø, sopran, Harald Bjørkøy, tenor, Thomas W. Røshol, bass. To dagar før konserten melde altsolisten forfall på grunn av sjukdom, men vi var superheldige og fekk på kort varsel inn solist frå Den Norske opera, Ingebjørg Kosmo, som «vikar»!

Med eit godt orkester, samansett av konsertmeister Maria Eikefet, og med mange lokale musistar, vart det igjen ein konsert som gav svært positiv respons, og som vi kunne vera stolte av.

16. desember: *Julekonsert i Alversund kyrkje*, ein stemningsfull tradisjon.

Kyrkjeteneste

I tillegg til konsertane tek koret aktivt del i gudstenestene i Knarvik kyrkje, samt andre arrangement:

Gudsteneste m/korsong 11. februar og 11. mars

Deltaking med korgruppe på seks fastegudstenester i februar-mars.

Påskesongfest 8. april, saman med dei andre kora i kyrkja.

Bøkeskogen 10. juni

Gudsteneste med innsetjing av ny prost 19. august.

Gudsteneste 11. november.

Høgtidsgudsteneste 1. juledag.

Annan aktivitet

Korseminar på Stord 24.-26. august. Eit «kom-i-gang»-seminar etter sommaren, der vi jobba særleg med programmet til Mangersnes-konserten. Eit vellukka tiltak, både songleg og sosialt.

Seminar/samarbeid med Harald Bjørkøy: Bjørkøy har vore med oss på to stemmebruks-seminar i 2018, eit vår, eit haust, begge på vanlege øvingskveldar. Professoren (no: emeritus) ved Griegakademiet har stor fagleg tyngd og mykje å tilføra oss vanlege koristar.

Etter julekonserten i Alversund kyrkje har koret til vanleg hatt ei felles samling i kyrkjelydshuset. På grunn av det tette programmet denne hausten vart festen utsett til januar 2019. Det same skjedde for eit år sidan, då «julefesten» vart halden 23. januar 2018. (Julefesten 2018 er no utsett til sommarfest.)

Økonomi

Mottekne/tilsegn om tilskot, etter søknad:

Lindås kommune: Driftstilskot: 9.950,-, aktivitetsmidlar: 12.500 (vår) + 15.000 (haust).

Norges korforbund: 12.000 (Faure) + 16.000 (Juleoratoriet) + 20.000 til Mangersneskonserten.

Hordaland fylkeskommune: 10.000 (Juleoratoriet)

Alver kommune: 10.000 for 2019. (Tilsegn i des. 2018).


Året 2018 vart gjort opp med overskot, trass i at Juleoratoriet gav oss ganske store utgifter i desember.


Både Faure-konserten og Sommerro-konserten kom ut med eit lite overskot.


Mangersnes-konserten var eit eige prosjekt utanom koret sine budsjett. Også her kom ein godt ut, basert på førebels tal. Her ligg det føre tilsegn om tilskot.

Sett under ett har Alversund kammerkor ein brukbar økonomi.

14.01.2019


Ragnhild Ø. Arnesen
Leiar


Bjørg Antoniazzi
Nestleiar


Grethe Hagenes
Styremedlem


Synnøve Bjørndal
Skrivar


Helga Stokke
Varamedlem


Berit Øgaard
Varamedlem